



Arkivnr: 2019/1432-3

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		09.04.2019
Fylkesutvalet		02.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

Fyllingsdalen vgs. - Rehabilitering**Samandrag**

Det er i budsjettet for 2019 løyvd til saman 75 million kroner til Rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren.

Det er tidlegare, i sak som kjem til behandling til fylkesutvalet 28.3.2019, foreslått fordelt totalt 32,95 million kroner av denne løyvinga. Storparten av det beløpet er foreslått fordelt til Sandsli vgs. Vidare går det parallelt med denne saka ei sak om løyving av 4,8 million kroner til tiltak ved Børmlø vgs.

I denne saka rår ein til at ein startar opp arbeidet med rehabilitering/ombygging av deler av Fyllingsdalen vgs. Bakgrunnen for prosjektet er at ein i skulebruksplanen slår saman Bergen Maritime vgs med Laksevåg vgs og at det tilrettelagte tilbodet ved Laksevåg vgs ikkje skal vera ein del av tilbodet ved den nye skulen. Kapasiteten på det tilrettelagte tilbodet blir flytta til Fyllingsdalen vgs og noko til Årstad vgs. Ledige og lite nytta areal ved Fyllingsdalen vgs på plan 1 med god adkomst blir bygd om til tilrettelagd undervisning. I tillegg vil siste del av oppgradering av ventilasjonsanlegget og utbetring av tilfluksrommet ved skulen bli utført i same prosjekt. Prosjektet har ein samla forventa kostnad på 75 million kroner og er planlagt fullført til skulestart 2020. Ein rår til at det vært løyvd 26 million kroner til prosjektet frå inneverande års løyving til rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren. Resterande løyving må ein kome attende til i samband med budsjett for 2020.

Økonomi: Tiltaket er naudsynt for å følgje opp vedtak i politiske saker med rullering av skulebruksplan. Både planlagt framdrift på prosjektet og samla prosjektomfang gjer at tiltaket ikkje kna finansierast innanfor årets løyvingar til ombygging / rehabilitering. Eit vedtak som tilrådd vil difor leggje føringar for budsjettet i 2020 / økonomiplan 2020 – 2023.

Klima: Ingen kjende effektar.

Folkehelse: Målet med tiltaka er mellom anna å gje betre læringsmiljø og tilhøve for personar med behov for tilrettelagt opplæring. Vidare vil ein utbetre inneklima, noko som vil komme alle elevar til gode.

Regional planstrategi: Tiltaket vil være eit ledd i nå mål vedteke i skulebruksplanen.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner prosjekt med ombygging/rehabilitering av Fyllingsdalen vgs. med ei samla kostnadsramme på 75 million kroner.
2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 647.020.00	02320	06043	Fyllingsdalen vgs – Rehabilitering / ombygging	26 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		26 000 000
				26 000 000	26 000 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.03.2019

Gjennom vedtak i rulleringen av skulebruksbruksplan og vedtak i samband med løypemeldingar som oppfølging av denne er det vedtatt å avvikle tilbodet for tilrettelagt opplæring ved Laksevåg vgs.

Den største delen av tilbodet er forutsatt flytta til Fyllingsdalen vgs, kor tilbodet er planlagt auka frå 1 til 4 klasser. For å få til dette er det naudsynt med ombygging av areal ved Fyllingsdalen vgs. Dette vert løyst ved at ledige og lite nytta areal ved Fyllingsdalen vgs på plan 1 med god adkomst, blir bygd om til tilrettelagt undervisning.

Det har vore gjennomført oppgradering av teknisk anlegg og nokon bygningsmessige arbeider på ein stor del av skulen. Det står att ein fløy på plan 2 og deler av plan1. I tillegg er det behov for utbetring av tilfluktsrommet. Ein rår til at desse arbeida blir tatt i samanheng med ombygging av areal til tilrettelagt opplæring. Omfanget og samla kostnad gjer vidare at ein rår til at det vert delt i to fasar.

Fase 1 omfattar om lag 1620 m² i 2 etasje og er i hovudsak oppgradering av alle overflater, lys, varme og ventilasjon, Det er og planlagt mindre ombygging av eksisterende areal, samt nytt kantinekjøkken. Alle toalettsoner/garderobar på skulen vil bli oppgradert til dagens standard.

Fase 2 utgjør omlag 1650 m² i 1. etasje og gjelder ombygging av tidligare verkstadlokale som skal bli nye undervisningslokale for tilrettelagt opplæring (HTA og HTH grupper) som er vedtatt flyttet frå Laksevåg vgs til Fyllingsdalen vgs i.h.h.t skolebruksplanen.

Vidare skal ein bygge nytt inngangsparti og nye lagerlokale til Media og kommunikasjon samt lager / verksted for drift.(nybygg)

Det skal bygges ett miljøbygg utvendig som er ment for avfallshåndtering.(nybygg).

Tilfluktsrommet ved skule er eit av tilfluktsromma som har manglar i forhold til gjeldande krav frå Sivilforsvaret. Det er naturleg at utbetring av dette inngår som ein del av dette prosjektet.

Omfanget av prosjektet gjer at det vert rådd til at det vært gjennomført delvis i 2019 og delvis i 2020.

Tiltaket vil utbetre manglar påpeikt i tilsyn knytt til helseverngodkjenning, og når tiltaket er gjennomført vil ein på ny søke om godkjenning.

Samla kostnad med tiltaka er kalkulert til 75 million kroner. Med bakgrunn i planlagt framdrift og tilgjengelege midlar, rår ein til at 26 million kroner av dette vert løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren. Resterande løyving må ein kome attende til i samband med budsjett for 2020.